

# Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
05/2014	Radøy eldreråd	PS	07.04.2014
05/2014	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	07.04.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Kjersti Flatråker	14/291	

## Trafikksikringsplan for Radøy kommune på høyring - uttale

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

*Saka vert lagt fram utan innstilling*

### Radøy eldreråd - 05/2014

#### **ELD - handsaming:**

Planleggar Kjersti Flatråker orienterte om trafikksikringsplanen, og framheva at kommune ønskjer mange innspel. Difor er det også blitt arrangert open dag på rådhuset om planen, og Flatråker har orientert om planen i ungdomsrådet og i møte med barn og unge sine representantar.

Formannskapet - som er styringsgruppe, har sendt trafikksikringsplanen ut på høyring, mellom anna til lag og organisasjoner, og til skulane og barnehagane og instansar knytt til desse.

Kjersti Flatråker sa at styringsgruppa for trafikksikringsplanen har hatt stort fokus på barn og unge, og trygg skuleveg.

Flatråker peika på at det i planen er lagt stor vekt på haldningskapande arbeid. Korleis skal me som kommune jobba med trafikksikring? For 200 000 kroner, som er den økonomiske ramma for planen, kan det ikkje byggast så mange meter med gang- og sykkelveg, sa Flatråker. Difor er det stort fokus på haldningsskapande tiltak. Dessutan kan kommunen setja fokus på viktige prosjekt på fylkes- og riksvegar, og ha forventningar til at Statens vegvesen tar omsyn til kommunen sine ønskje når vegvesenet skal gjera sine prioriteringar.

Det er også avgjerande viktig med ein trafikksikringsplan når kommunen skal søkja om økonomisk tilskot til ulike trafikksikringsprosjekt.

Flatråker informerte om at fysiske tiltak som ikkje er gjennomført i tidlegare plan, blir vidareført i den nye trafikksikringsplanen.

Kirsti Gjetle Floen peika på at mange barn er for lite flinke til å bruka bilbelte på buss. Ho meiner både bussjåfør, foreldre – og politiet kan bidra til å skjerpa bilbelte-bruken påbuss.

Oddbjørg Dragøy er oppteken av at det må gjerast noko med tryggleiken på bruva på Myking. Ein svært låg støypekant, kombinert med sving, er med på å gjea forholda farlege for t.d. syklistar og gåande.

Dragøy meiner også er på høg tid med asfaltering på strekninga Manger-Helland. Ho meiner slitasjen på vegdekket kan vera trafikkfarleg.

Magnar Klausen meiner også veggen over Tveiten er håplaus for trafikk. Han er oppteken av å få meir asfaltering på fylkesvegane.

Oddmund Skjelvik ser verdien av fartsdumpar som fartsreduserande tiltak. Men han meiner at Statens vegvesen må bli flinkare til å fjerna fartsdumpar når behovet ikkje lenger er til stades.

Liv Berith Rath etterlyste meir lys på gangvegen mellom Sæbø skule og Solheim. Gangvegen gjer at elevane frå dette området ikkje får dekka skuleskyss. Rath meiner det bør vera betre lysforhold på

gangvegen når små ungar med tung ransel skal gå her i mørketida.

Johannes Kolås er glad for nytt fotgjengarfelt på Manger. Men han etterlyser at noko vert gjort med kryssområdet på fylkesvegen ved Ystebøtreet. Han viste til at det har vore snakka lenge om at det må gjerast noko med trонge og smale krysset.

Eldrerådet viser til innspel i møtet og tar trafikksikringsplan for Radøy kommune 2014-2020 til orientering.

#### **ELD - vedtak:**

Trafikksikringsplan for Radøy kommune 2014-2020 vert teke til orientering.

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 05/2014**

#### **RMNF - handsaming:**

#### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne –handsaming**

Planleggar Kjersti Flatråker orienterte om trafikksikringsplanen, og framheva at kommune ønskjer mange innspel. Difor er det også blitt arrangert open dag på rådhuset om planen, og Flatråker har orientert om planen i ungdomsrådet og i møte med barn og unge sine representantar.

Formannskapet - som er styringsgruppe, har sendt trafikksikringsplanen ut på høyring, mellom anna til lag og organisasjonar, og til skulane log barnehagane og instansar knytt til desse.

Kjersti Flatråker sa at styringsgruppa for trafikksikringsplanen har hatt stort fokus påbarn og unge, og trygg skuleveg.

Kjersti Flatråker peika på at det i planen er lagt stor vekt påhaldningsskapande arbeid. Korleis skal me som kommune jobba med trafikksikring? For 200 000 kroner, som er den økonomiske ramma for planen, kan det ikkje byggast såmange meter med gang- og sykkelveg, sa Flatråker. Difor er det stort fokus på haldningsskapande tiltak. Dessutan kan kommunen setja fokus på viktige prosjekt på fylkes- og riksvegar, og ha forventningar til at Statens vegvesen tar omsyn til kommunen sine ønskje når vegvesenet skal gjera sine prioriteringar. Dessutan er det også avgjerande viktig med ein trafikksikringsplan når kommunen skal sökja om økonomisk tilskot til ulike trafikksikringsprosjekt.

Flatråker informerte om at fysiske tiltak som ikkje er gjennomført i tidlegare plan, blir vidareført i den nye trafikksikringsplanen.

Kirsti Gjetle Floen peika på at mange barn er for lite flinke til å bruka bilbelte på buss. Ho meiner både bussjåfør, foreldre – og politiet kan bidra til å skjerpa bilbelte-bruken påbuss.

Oddbjørg Dragøy er oppteken av at det må gjerast noko med tryggleiken på bruva på Myking. Ein svært låg støypekant, kombinert med sving, er med på å gjera forholda farlege for t.d. syklistar og gåande.

Dragøy meiner også er på høg tid med asfaltering påstrekninga Manger-Helland. Ho meiner slitasjen påvegdekket kan vera trafikkfarleg.

Magnar Klausen meiner også veggen over Tveiten er håplaus for trafikk. Han er oppteken av å få meir asfaltering på fylkesvegane.

Oddmund Skjelvik ser verdien av fartsdumpar som fartsreduserande tiltak. Men han meiner at Statens vegvesen må bli flinkare til å fjerna fartsdumpar når behovet ikkje lenger er til stades.

Liv Berith Rath etterlyste meir lys på gangvegen mellom Sæbø skule og Solheim. Gangvegen gjer at elevane frå dette området ikkje får dekka skuleskyss. Rath meiner det bør vera betre lysforhold på gangvegen når små ungar med tung ransel skal gå her i mørketida.

Johannes Kolås er glad for nytt fotgjengarfelt på Manger. Men han etterlyser at noko vert gjort med kryssområdet påfylkesvegen ved Ystebøtreet. Han viste til at det har vore snakka lenge om at det må gjerast noko med trонge og smale krysset.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne viser til innspel i møtet og tar trafikksikringsplan for Radøy kommune 2014-2020 til orientering.

#### **RMNF - vedtak:**

Trafikksikringsplan for Radøy kommune 2014-2020 vert teke til orientering.

#### **Bakgrunn**

Formannskapet er styringsgruppe for arbeidet.

Rådmannen har sett ned administrativ arbeidsgruppe for å utarbeide framlegg til revidert plan for trafikksikring. Gruppa har bestått av Tore Rikstad, kommuneingeniør, Helge Vallestad, rådgjevar oppvekst og Kjersti Flatråker, rådgjevar plan.

Framlegg til revidert plan vert sendt på høyring til barnehagane, skulane, helsesyster, beredskap, lag og organisasjoner, regionale styresmakter, busselskap og andre viss interesse vert rørt.

Målet med trafikksikringsplanen er å oppretthalde og på nokre område styrke kommunen sin innsats innan trafikksikringsarbeid, særleg på førebyggjande tiltak samt haldningsskapande arbeid. Frå 2001 vart det å ha ein trafikksikringsplan ein føresetnad for å få statleg stønad til planlegging og gjennomføring av tiltak for sikring av skulevegar for born.

#### **Visjon for Radøy:**

Ingen drepne eller alvorleg skadde trafikantar i Radøy kommune, og alle skal ha trygg skuleveg

#### **Hovudmål**

- Skuleborna skal ha trafikksikre skulevegar på Radøy.
- Vegnettet på Radøy skal utviklast med eit fartsnivå og sikringstiltak slik at ein har lav risiko for møte – og utforkøyringsulukker og unngår farlege konfliktar mellom bil og mjuke trafikantar.
- Barn og ungdom skal gjennom opplæring frå føresette, i barnehagane og i skuleverket tileigna seg kunnskap om trafikktryggleik og utvikle ein sikker åtferd i trafikken.
- Vegnettet skal utformast slik at tilgjenge og trafikktryggleik for eldre, uføre og funksjonshemma vert styrka.

Framlegg til ny trafikksikringsplan tek for seg utfordringar, målsettingar og prioritering av arbeidet. Vidare er det sett opp tiltak for å arbeide for sikrare trafikale tilhøve for alle i Radøy.

Tiltaka er delte i fysiske og ikkje fysiske. Det er innafor fysiske tiltak delt i mellom fylkesvegar og kommunale vegar. Ikkje fysiske tiltak er haldningsskapande tiltak og her ligg stort ansvar på politi, bornehage og skule.

### **Konklusjon**

Rådmannen ynskjer at utvala i kommunen vurderer planen ut i frå sitt ståstad og gjev uttale til framlegg til trafikksikringsplan for Radøy kommune 2014-2020. Saka er lagt fram utan innstilling.

### **Vedlegg:**

Trafikksikringsplan\_revisjon 2014\_høyringsdokument